

---

# SKJONG BÅTFORENING

## MØTEREFERAT MEDLEMSMØTE

---

STED: Frimannsbua

DATO: 23.9.2017 kl: 1400

MØTTE: 13 MEDLEMMER

---

1. Foranledning til møtet og saken er utlysning fra kystverket om salg av moloen i skjonghavna. I første fase er det fylket og kommunen som har hatt forkjøpsrett, noe de har sagt fra seg. I fase to er det lag og foreninger med almennyttig formål som har forkjøpsrett. I denne fasen er det bare Skjong Båtforening som er en organisasjon med allmennyttig formål som har meldt sin interesse. Dette betyr at vi har forkjøpsrett til kjøp av moloen, der forutsetningen er at vi betaler takst kr: 800 000,- for å benytte oss av denne forkjøpsretten.

Vedtak: vedtatt av 12 stemmer for og en imot.

Skjong båtforening ønsker å overta moloen i skjong havn fra kystverket til takst kr: 800 000,- gitt at følgende er oppfylt:

Objektet som kjøpes er selve moloen og tilhørende rettigheter gitt i grunneiererklæringen fra 1890 og 1934. Det er en forutsetning for budet og senere kjøp at disse rettighetene følger med over til Skjong Båtforening som kjøper og at selger har rett til å overføre disse rettigheten til Skjong Båtforening.

2. Skifting av ytterste ledd på storepiren og dykking for å fastslå status på fortøyninger og oppretting av eventuelle brudd for å gjøre havna klar til vinteren.

Jarle Skjong, Kenneth Telvik og Hans Jørgen Karlsen har tatt på seg dette oppdraget og starter med denne jobben mandag førstkommende.

Vedlegg: Rettsbok Jordskifteretten 1977, Grunneiererklæring fra 1934

Audun Stølen

Ref.

## Grunneiererklæring.

(Fastsatt ved Handelsdepartementets skrivelse av 25. februar 1929. H. D. j.-nr. 486/1929.)

Hvis det blir besluttet anlegg for Statens Havnevesens regning ved  
.....  
Skjong

.....  
i..... Giske..... herred..... Møre..... fylke,  
overtar undertegnede eiere og brukere av de nedenfor nevnte eiendommer i.....  
.....tinglag uten betaling følgende forpliktelser, der blir bin-  
dende for enhver senere eier og bruker og skal hvile på eiendommen som en stedse-  
varende heftelse:

1. Vi avstår til Statens Havnevesen som eiendom all fornøden grunn til anlegget efter de til enhver tid gjeldende planer (se punkt 8) samt grunn i.....5.....meters bredde på alle sider av molo, kai eller vorr. Dessuten tillates under arbeidets utførelse og vedlikehold uten avgift benyttet grunn til lagerplasser, brønner, hus, anlegg av veier, transportbaner, brygger, kaier m. m.
2. Vi tillater Havnevesenet å ta på vor grunn alt nødvendig byggemateriale, såsom fjell, sten, grus, sand m. m. både under arbeidet og til anleggets senere vedlikehold.
3. Vi avgir bekvem plass på land til opletning av mudder og fyllmasser, om dette måtte bli krevet under mudringsarbeider. Hvis det gjelder dyrkbar mark, skal Havnevesenet på forlangende avspa matjorden, planere massene og derefter dekke dem med den jord som er lagt tilside.
4. Vi tillater stat og kommune å anlegge vannledning og kloakk over vår ubebyggede grunn og foreta vedlikehold av anleggene. Vi tillater likeledes at der anlegges offentlige, kommunale eller private lys-, telefon- eller telegrafledninger over vår eiendom. Hvor det ikke ved lov eller i henhold til lov er fastsatt særskilte vilkår for sådanne anlegg, skal det ydes godtgjørelse, som i mangel av mindelig overenskomst blir å fastsette ved skjønn. Sådanne skjønn anordnes overensstemmende med lov av 1. juni 1917, hvor ikke spesiallovgivningen har særskilte bestemmelser.
5. Vi tilstår det offentlige rett til uten vederlag å anbringe fortøiningsinnretninger, når disses benyttelse ikke i vesentlig grad vil bli til hinder for den almene og private trafikk.
6. Vi forplikter oss til å ordne en fremtidig bebyggelse på vor eiendom således, at det blir plass til vei rundt havnen med forbindelse til de moloer, kaier, almenninger sjøhus- tomter, og støer m. v. som er planlagt av Havnevesenet. Til disse veier avstår vi så megen grunn, at de får.....4.....meters fri kjørebredde og at der dessuten blir plass til stabbestener, grøfter og skråninger.  
Herredsstyret skal være berettiget til å gi regler for regulering av bebyggelsen, så lenge den almindelige bygningslov ikke er gjort gjeldende for stedet.
7. Vi frafaller for våre eiendommer, bygninger, løsøre, fartøier, fiskerier og annen næring krav på erstatning for enhver skade som måtte bli en følge av vedkommende anlegg eller arbeide.
8. Statens Havnevesen har rett til å utvide, innskrenke eller omlegge planen for anlegget, når dette anses påkrevet eller ønskelig og forandringene ikke griper vesentlig inn i grunnforholdene.

Bestemmelsene i denne erklæring blir i så tilfelle like fullt gjeldende.

9. Vi avstår til Havnevesenet som eiendom følgende grunnstykker med tilhørende sjøgrunn, der på medfølgende kart,\*) undertegnet av oss, er betegnet med bokstavene .....og grønn farve:

I henhold til erklæring av 10. juli 1890,  
tinglest 15. aug. s.å. er der avstått "en almenning ca.  
1½ mål ved og mellom våre nøst".

Disse grunnstykker blir å stille til almindelig avbenyttelse som almenninger båtøprekk, landingsplasser eller lignende, med rett for Havnevesenet til på dem å anlegge kaier m. v. for statens eller kommunens regning.

10. Vi forplikter oss til, når arbeidet er påbegynt, å bortleie til:
- Fiskere tomter til hjellbruk, salteplasser, agnboder, sjøhuser og losjihuser (rorboder)
  - Opkjøpere og selskaper tomter til salteplasser, sjøhuser, boder og anlegg for utnyttelse og foredling av fisk og fiskeprodukter.
  - Inntil <sup>2</sup>.....handelsmenn tomter til almindelig handelsforretning.

Disse tomter med tilhørende sjøgrunn, som på vedlagte kart er betegnet med bokstavene.....og gul farve, begrenses således:

Mot syd av en linje med samme retning som det stengjerde som er grensen mellom Nils K. Skjong og Johan N.L. Skjong og i 20 m. avstand syd for dette.

\*) Kartet gis følgende påtegning:  
Dette er det kart som er påberopt i vår erklæring av..... om avståelse  
av grunn i anledning av havnearbeider ved.....  
.....den.....

Mot nord av en linje med samme retning som søndre begrensning og i 20 m. avstand nord for ovennevnte gjerde.

Mot øst av en linje som skjærer nordre begrensning 20 m. og søndre begrensning 52 m. vest for telefonlinjetrasse, utmålt langs-efter disse begrensninglinjers forlængelse.

Mot vest av + 2 m. koten.

Der betales for disse tomter en rimelig leieavgift, som i mangel av enighet bestemmes ved skjønn som angitt under punkt 4.

Frem- eller tilbakeleie av tomtene er forbudt.

Vi forbeholder oss selv bruken av de arealer som ikke er nevnt i denne grunneiererklæring.

11. Vi forplikter oss til å utvise og bortleie de i punkt 10 nevnte tomter i den rekkefølge hvori anmodning herom fremkommer og uten ugrunnet opphold.

Ansøkere skal være berettiget til valg blandt de ledige tomter.

Ansøking fra eiere eller brukere av eiendommer som ligger ved havnen og har strandrett, skal ikke etterkommes uten Havnevesenets spesielle tillatelse.

Ingen må få utvist større tomt enn hans behov og de disponible arealers størrelse med rimelighet tilsier.

Utviste og bortleiede tomter skal være nyttiggjort innen 3 år fra leiekontraktens inngåelse. I motsatt fall anses kontrakten bortfalt. Denne bestemmelse blir å innta i alle feste- og leiekontrakter som angår de i punkt 10 nevnte tomter, likesom kontraktene aldri må inneholde forbehold eller bestemmelser som er i strid med nærværende erklæring.

12. Vi forplikter oss til på vår gjenværende eiendom å tilstå fremmede fiskere uhindret og avgiftsfri adgang til å landsette sine båter, hente vann o. s. v. Dog skal sådan ferdsel alene finne sted i fjæren, på almindelig brukte kaier, landingsplasser og almeninger, på veier og i utmark. Private brønner må ikke benyttes uten særskilt tillatelse.

13. Enhver tvist som måtte opkomme om forståelsen av denne erklærings bestemmelser, skal med bindende virkning avgjøres av volgiftsrett, sammensatt av distriktets herredømmer som formann, ett medlem opnevnt av Statens Havnevesen og ett medlem opnevnt av dem som har underskrevet erklæringen. Voldgiftsretten bestemmer hvilken av partene skal bære omkostningene eller hvorledes disse skal fordeles mellom dem.

For volgiftsrettens forhandlinger og dommer gjelder reglene i lov om rettergangs- måten for tvistemål av 13. august 1915, nr. 6, kap. 32.

14. Denne erklæring kan når som helst tinglyses for det offentlige regning.

Skjong

21. juni

34

den.....19

02UPH1370130

Gårdsnavn	Gårdsnr.	Bruksnr.	Underskrift
Skjong	186	9	Nils K. Skjong
Skjong	186	2	Johan M.L. Skjong
Skjong	186	2	Ludvik Skjong
Skjong	186	7	Johan N. Skjong
Skjong	186	5	Nils L. Skjong
Skjong	186	4	Kristian L. Skjong
Skjong	186	8	Elias Aa. Skjong
Skjong	186	3	Johan A. Skjong
Skjong	186	6	Peter L. Skjong
Skjong	186	10	Johanne Skjong



**Utdrag av  
Rettsbok**

for

Nordre Sunnmøre jordskifterett.

Sak nr. 16/1975 og 1/1977.

Grensegangssak og jordskifte i  
Skjonghamna vedk.

Gnr. 186, bnr. 1, 2, 3, 4, 5, 6, 7, 8,  
9, 10, 11, 21, 27, 28, 29, 32 og 79

i Giske herad.

Slutta den 24. oktober 1977.

År 1977 den 20. mai blei jordskifterett halde i  
kommunehuset på Valderøy i Giske.

Rettsformann : Jordsk,dommar Thor Aurdal.

Jordskiftemenn : 1. Gardbr. Olav Hove, Eidsnes.  
2. Kaspar Eikrem, Mauseidvåg.

Protokollfører : Formannen.

Sak nr. 16/1975 og 1/1977.

Rekvirentar :

1. Arne H. Skjong, eigar av Skjong gnr.186, bnr.28.
2. Knut P. Skjong, " " " " 186, " 27.

Övrige partar :

1. Harald L. Skjong, eigar av gnr. 186, bnr. 1.
2. Harald A. Skjong, " " " 186, " 21.
3. Jon J. Skjong, " " " 186, " 3.
4. Knut J. Skjong, " " " 186, " 79.
5. Bjarne Skjong, " " " 186, " 4.
6. Egil Honningsvåg, " " " 186, " 5.
7. Nils L. Skjong, " " " 186, " 32.
8. Palmar Skjong, " " " 186, " 6.
9. Nils A.J. Skjong, " " " 186, " 7.
10. Karl N. Skjong, " " " 186, " 9.
11. Sevrin N. Skjong, " " " 186, " 29.
12. Sander Lillevold, " " " 186, " 10.
13. Hermann Skjong, " " " 186, " 37.
14. Ole Johan Grebstad, " " " 186, " 11.
15. Oddvar J. Skjong, " " " 186, " 2.

Saka gjeld : Grensegangssak og jordskifte i Skjonghamna  
under gnr.186 Skjong i Giske.

Til stades : Desse mötte personleg :

Arne H. Skjong, Knut P. Skjong, Harald A. Skjong, Bjarne  
Skjong, Nils L. Skjong, Nils A.J. Skjong, Karl N. Skjong,

Sevrin N. Skjong, Harald L. Skjong, Sander Lillevold, for Ole Johan Grebstad møtte faren Thomas Grebstad med skriftleg fullmakt. For Emma Holebakk møtte Harald Hole med skriftleg fullmakt. For Egil Honningsvåg møtte Nils Honningsvåg med skriftleg fullmakt.

Desse er lovleg varsla men møtte ikkje :  
Oddvar Skjong, Jon J. Skjong, Knut J. Skjong, Palmar Skjong.  
Tilstades var dessutan jordsk.tekn. Reidar Aasen.

Formanne viste til reglane i Domstolslovas §§ 106-108 om ugildskap. Det framkom ingen merknader til retten si samansetting eller innvarslingsmåten.

Jordskiftemennene har ikkje tidlegare gjort teneste i jordskiftesaker. Dei skreiv nå under på slik

Forsikring

Eg forsikrar at eg såvel i denne saka som i alle framtidige jordskiftesaker vil gjere pliktene mine som jordskiftemann ærleg og med truskap.

Olav Hove (s).

Kaspar Eikrem (s).

Retten vart erklært lovleg sett.

Formannen la fram :

1. Krav om voldgiftsmessig grensegangssak dat. 1/6-1975 frå Karl.N.Skjong m.fl. Sak nr. 16/1975.
2. Krav om jordskifte og grensegangssak dat. 19/1-1977 frå Arne H. Skjong og Knut P. Skjong, sak nr. 1/1977 - vedhefta mennsoppnemningar og innkallingar til møtet i dag av jordskiftemenn og partar.
3. Partiell utskrift av innmarksutskiftinga på Skjong, tgl. 12/4-1864.
4. Kopi av utskiftingskartet opptatt 1862.
5. Kopi av overutskifting, slutta 9/5-1865.
6. Skylddelingsforretning vedk. bnr.7 og 8, tgl. 9/6-1902.
7. Avskrift av grunneigarerklæring dat. 10/7-1890, om avståing av grunn m.m. til Hamneanlegg i Skjonghamna.
8. Kopi av grunneigarerklæring dat. 21/6-1934.



9. Kopi av Hamnevesenets kart i målestokk 1:1000 opptatt 1932.

10. Kopi av det komm. reg.kart i Målestokk 1:1000.

Dok.nr. 1-2, 7-8 vart referert. Dei andre dok. i den utstrekning det var nødvendig på det nåverande steg.

Rettsformannen foreslo at dei to jordskiftekrava vart samanslått og handsama som ei sak. Dei gjeld i realiteten same spørsmålet. Det siste er meir vidfemnande enn det første og gjeld heile naustområdet i Skjonghamna. Slik tilhöva er på staden lar det seg ikkje gjere å handsame ein del av området separat, i alle høve ikkje som voldgiftssak.

Ingen av partane hadde noko å innvende mot den foreslåtte framgangsmåten.

Partane fekk så høve til å framstille saka. Saksforholdet vil i det vesentlege framgå av det framsette kravet, sak nr. 1/1977, som lyder slik :

" Ved innmarksutskiftinga på Skjong, slutta 1863, overutskifting slutta 1865 vart det utlagt eit fellesareal kring nausttomtene i Skjonghamna. Det var den gongen 8 bruk som var partar i utskiftinga. Dei fleste hovedbruka har seinare vorte delte, og ein del fråskilde bruk har fått part i hovedbruket si nausttomt og i det utlagde fellesstykket kring nausta.

Grensene for fellesstykket er avlagt på utskiftingskartet. Utskiftingsforretninga er svært uklår og ufullstendig når det gjeld å forstå kva som høyrer til den einskilde nausttomta og kva som høyrer til fellesarealet.

Dette kravet går difor ut på :

1. Å få fastlagt grensene for det opphavelege fellesareal.
2. Å få fastsett grensene for kvart bruk sitt nauststykke.
3. Å få delt fellesarealet etter det opprinnelege forholdstalet mellom hovedbruka.

Etter vårt syn må det vere mest praktisk at kvart bruk, så vidt muleg, får sin andel lagt attåt bruket sitt nauststykke. Giske kommune har utarbeidd reguleringsplan for området. Det er meininga å oreigne ein del av fellesarealet og nokre av nauststykkka. Ein viser til skriv dat. 25/11-1976 frå Kommunal- og Arbeidsdepartementet, der samtykke til

oreigning er gitt. I samband med bygging av moloen ligg det føre tinglyst erklæring, dat, 10/7-1890 frå grunn grunneigarane. - - - - - " .

Av utskrifta og kartet frå utskiftingsforretninga i 1860-åra går det fram at kvart hovedbruk på den tida hadde sitt storbåtnaust i hamneområdet. Det gjeld bnr.1-7 og 9. Utan om dette hadde nokre av bruka småbåtnaust og/eller salteboder.

Under utskiftinga vart yttergrensene for naustarealet oppgått, avmerka og avlagt på kartet. Side nr.2 i det framlagde utdrag av forretninga er det sagt at " - - - - Omkring Nøstene, hvilke ere beliggende inden denne sidstbeskrevne Teig, er et Stykke Mark fradraget Sameiet til Oppsiddernes fælles Afbenyttelse. Samtlige Linier forsynede med de nødvendige Mærkestene. - - - - - " .

I møte den 19/11-1863 er videre protokollert " - - - - -  
- - - Det omkring Nøstene fradragne Stykke Mark er delt mellem Oppsidderne saaledes at hver erholdt Marken ovenfor og omkring sit Nøst. Det mellem Nøstene beliggende Stykke forblev udelt til fælles Afbenyttelse t.eks. at hvelve Baade paa, tørre Not og Garn m.m. - - - - - " .

Det er på kartet ikkje trekt opp grenser mellom dei ymse nauststykkja.

Like før hundreårskiftet vart det sett i verk tiltak for å bygge molo kring hamneområdet. Dei 8 grunneigarane skreiv i det høve under ei erklæring dat. 10/7-1890 - framlagt dok.nr.7. Dei forplikter seg her til å avstå nødvendig grunn m.m. til det planlagte tiltaket. Erklæringen synest elles å vere i samsvar med dei normalkontrakter som Statens Hamnevesen vanligvis inngikk med grunneigarane ved bygging av hamneanlegg.

Dei reservasjonar som grunneigarane har tatt står under pkt.2 i erklæringa.

" Det er en selvfølge, at vi ikke herved indskrænkes i Valget af de Tomter, som vi selv ønske at benytte og forbeholde vi oss i saa Henseende følgende Tomter :

- 1) de nu bebyggede Strandtomter.
- 2) alle Tomter, hvor der er dyrket eller dyrkbar græsmark - med undtagelse af Halvdelen af den ved udskiftningen udlagte almenning, som ligger ved og mellem vore Nøst og måler

omtrent 1 1/2 maal. - - - - - " .

Ei meir fullstendig og endelig grunneigarerklæring er utarbeidd og dat. 21/6-1934 - framlagt dok. nr.8.. Denne er ikkje tinglyst, men hamnearbeidet er utført i sam-svar med denne og erklæringa har vore respektert og godteken av alle partar. Det er opplyst at arbeidet med moloen og mudringa av hamna pågjekk i ei årrekke og vart avslutta ein gong i 1930-åra.

Partane ga opplysning om korleis rettane til dei ymse hovedbruk har vorte oppdelte. Det var vanleg oppfatning hjå partane at kvart hovedbruk, ved sida av storbåt-nausttomta, også hadde rett til ei mindre småbåt-nausttomt. Dei fleste av desse ligg langs stranda ned for almenningen. Det er berre på to av desse tomtene det står naust i dag.

Etter det som er opplyst er naustrettane delte slik :

- Bnr. 1. Bnr.10 - eigar Sander Lillevold - har fått bruket si storbåt-nausttomt sør for moloen.
- Bnr. 2. Bnr.21 - eigar Harald A. Skjong - har part i hovedbruket sine rettar.
- Bnr. 3. Bnr.79 - eigar Knut J. Skjong - har part i hovedbruket sine rettar.
- Bnr. 4. Bruket sine naustrettar er udelt, men Ravald Skjong har bruksrett til småbåt-nausttomta.
- Bnr. 5. Bnr.28 - eigar Arne H. Skjong - eig storbåt-naustet og ei oppgitt breidde av tomta.  
Bnr.32 - eigar Nils L. Skjong - skal ha småbåt-nausttomta.
- Bnr. 6. Bnr.27 - eigar Knut P. Skjong - har part i hovedbruket sine rettar.
- Bnr.7 og bnr.8 har opphaveleg like rettar.
- Bnr. 9. Bnr.29 - eigar Sevrin Skjong - har part i hovedbruket sine rettar.

For å få den fulle oversikt over dei ymse parsell-bruk sine rettar, er det nødvendig at dei respektive heimels-dokument som skylddelingsforretningar eller skjøter vert framlagde.

På mötet er lagt fram :

11. Skylddelingsforretning vedk. bnr.28, tgl. 28/1-1938.
12. " " " " 32, " 19/7-1941.
13. Kjøpekontrakt dat. 5/3-1956 mellom Elias Å. Skjong, Thorvald Holebakk og Nils J. Skjong.

Giske kommune har utarbeidd reguleringsplan for arealet kring Skjonghamna. Kommunal- og Arbeidsdepartementet har i skriv av 25/11-1976 gitt samtykke til oreigning.

Oreigningsløyvet omfatta også den delen av naustområdet som ligg sør for moloen der nausttomtene til bnr.2, 9 og 10 ligg.

Kommunen skal seinare ha trekt attende kravet om oreigning når det gjeld dette området. Den opprinnelege planen var at dette stykket skulle gå inn som del av eit industriareal.

Ein del av partane ser det slik, at det i framtida kan bli vanskeleg å få nytte dette stykket til nausttomter så lenge arealet ikring er tenkt til industri. Dette kan medføre vanskar med byggeløyve for naust og sjøhus. Dei meiner difor at Giske kommune bør få overta arealet for utnytting slik som tidlegare planlagt. Dette på vilkår av at kommunen stiller eit tilsvarande strandområde innanfor hamneområdet til rådvelde for nausttomteigarane. Dette arealet skal kommunen likevel oreigne med tanke på framtidig utnytting i tilknytting til småbåthamn og naustareal.

Under møtet vart det søkt kontakt med ordføraren i Giske, som vart orientert med forslaget. Det er føresetnaden at partane arbeider vidare med saka og at skriftleg søknad vert send Giske formannskap til handsaming.

Jordskifteretten og partane held synfaring i Skjonghamna. Her møtte også Knut J. Skjong.

Yttergrensene for naustområdet er tidlegare utmålt med stötte i utskiftingskartet. Desse punkta vart vist partane. Dei hadde ingen merknader.

På nordre kant av naustområdet og grensande inn til dette, ligg ei nausttomt som tilhøyrrer bnr.11 - Ole Johan Grebstad. Dette bruket vart skild ut frå bnr.9 ved skylddelingsforretning av 15/7-1903. Med bruket fylgde også ei nausttomt, som er nemnd i skylddelinga. Denne tomta låg opphaveleg noko lenger nord, men vart ved seinare makeskifte

flytta inn til grensa mot det felles naustarealet. I skylddelinga er oppgitt at ho skal ligge 8,8 m " fra Grændsen mellom dette og Johan P. Skjongs Nøsttomt. - - - - ".

Ved avmerkinga av tomta ser det ut til at dei ikkje har vore klar over kvar nordre grense for nauststykkja gjekk, slik at det her har skjedd ei mindre overlapping.

Både på mötet og under synfaringa kom det fram ein viss meiningsskilnad mellom partane når det galdt eigedomstilhöva innan naustområdet.

Såleis hevda Nils L. Skjong, og fleire med han, at naustområdet var eit fullstendig fellesskap når det galdt grunnen. Han viste til utskiftingsforretninga frå 1860-åra der det er sagt at " et Stykke Mark ble fradraget Sameiet til Opsiddernes felles Afbenyttelse. - - - ". Dette fellesareal vart ikkje delt under utskiftinga. Nausttomtene ligg dermed på felles grunn som bruksrettar for kvar eigedom. Grunnlaget for det framtidige oppgjeret må då vere at kvart bruk får areal og strandline i höve til si skyld, men likevel slik at kvart hovedbruk såvidt muleg får beholde det området det hittil har disponert.

Bjarne Skjong, Karl Skjong og Knut J. Skjong har hevda som sitt syn at kvart hovedbruk er eigar av grunnen der naustet står. Den bruken som har foregått frå gamalt av levner ingen tvil om dette.

Partane gjorde greie for den bruken som har foregått i området frå gammalt av, t.d. slåttan på nauststykkja og fellesarealet eller almenningen. Det syntes å gå fram at kvart bruk hadde slått og hausta graset på sine respektive nauststykke. På arealet mellom nausta hadde graset vore hausta i fellesskap og delt likt.

Etter dette vart partane permitterte, og jordskifte retten tok saka opp til drøfting seg i mellom.

Etter retten sitt syn er det klårt - ut frå det som har kome fram på mötet og under synfaringa - at det er nødvendig med ei klårlegging og ordning av tilhöva i naustområdet på Skjong.

Det har kome til uttrykk divergerande meiningar når det gjeld dei rådande eigartilhöva.

Såleis meiner nokre at nauststykkja og ein del mark

kring nausta er skift til full eigeedom. Andre meiner at heile området ligg i sameige og at det nå bør skiftast etter skyldforholdet hovedbruka i mellom. Alle meiner likevel at kvart bruk så langt muleg må få beholde sine gamle tomter.

Retten forstår det slik at det ikkje er partane si meining å reise nokon direkte tvist om dette spørsmålet men at dei ynskjer ei avklaring.

På det nåverande steg ser jordskifteretten det difor unødvendig, og heller ikkje formelt rett, å avgjere dette spørsmålet ved orskurd etter § 17 i Jordskiftelova. Derimot kan retten avgi ein prejudisiell uttale om sitt syn.

Inmarksutskiftinga frå 1863 er heller uklår når det gjeld kva som vart delt til eigeedom og kva som vart oppretthalde som sameige. Det opptatte kartet viser berre grensene kring heile stykket. Det er ikkje trekt opp grenser mellom dei ymse tomter.

Derimot er det uttrykkeleg sagt at - - - - -  
- - - " Det omkring Nöstene fradragne stykke Mark er delt mellom Opsidderne saaledes at hver erholdt Marken ovenfor og omkring sit Nöst. Det mellem Nöstene beliggende Stykke forblev udelt til felles Afbenyttelse t.eks. at hvælve Baade paa o.s.v. - - - - - ".

Denne uttrykksmåten kan berre forståast slik at kvart bruk skulle eige grunnen der naustet sto og sannsynlegvis også noko utanom dette. Kor langt frå naustet eigeomsretten skulle strekke seg er ikkje definert. Dette må helst bli berre ei gjetting, men det er likevel rimeleg å tolke det slik at völingsarbeide o.likn. kunne foregå på eigen grunn.

Når det gjeld " det mellem Nöstene beliggende Stykke " som skulle ligge til felles bruk, så er heller ikkje størleiken på dette nærare definert og må difor helst bero på ei skjønsmessig vurdering.

I grunneigarerklæringa av 10/7-1890 er dette arealet oppgitt til omtrent 1 1/2 mål. Dette samstavar bra med det arealet som ligg mellom dei to naustrekkene og som i erklæringa er nemnd som almenning. Omtrent halvparten av dette vart avgitt til Statens Hamnevesen.

Uttrykksmåten i dei framlagde skylddelingsforretninger tyder også på at eigaren av hovedbruket rekna seg som grunneigar av nauststykket.

Skylddelinga på bnr.28 nemner såleis " Hovedbrukets naust, og tufti naustet stend på med fjöra og sjögrunn " . Tilsvarende uttrykk finn ein også i andre dokument.

Dette gjeld likevel berre det arealet der storbåt-nausta står. Området langs stranda sør for desse må ligge til fellesarealet - almenningen. Denne strekninga har vore nytta meir sporadisk til mindre naust. Partane har forklart det slik at denne strekninga kunne nyttast til oppføring av mindre naust - eitt på kvart hovedbruk. Berre eit fåtal har gjort seg bruk av dette.

Nausttomtene i Skjonghamna er utvilsomt av svært gamal dato, truleg så langt attende i tida som det har vore busetnad på garden. Det vil vere fullt i samsvar med vanleg synsmåtar og praksis i distriktet at grunnen fylgjer med sjölve nausttomta. Ut frå dette meiner jordskifteretten at dei gamle nausttuftene er eigedoms grunn. Arealet kring nausta saman med tilkomstvegar og tilflott ligg på fellesgrunn.

I realiteten ser retten det slik at dette spørsmålet er av heller lita betydning. Det er 8 hovedbruk på Skjong, og det har nok vore meininga at desse skulle ha omlag like partar i fjöra. Ved arronderinga av storbåt-nausttomtane og delinga av fellesarealet - smånausttomtene - vil retten legge vekt på at dette prinsippet vert fylgd opp så langt det praktisk lar seg gjere. Saka vert dermed å utsette til nærare oppmåling er utført.

Det er föresetnaden at partane sjölve skal forhandle med Giske kommune - formannskapet - om eventuelt makeskifte av arealet sør for moloen.

Slik tilhöva er på staden bör Statens Hamnevesen bli orientert om korleis den framtidige arronderinga i hamneområdet vert planlagt. Det same gjeld for Giske bygningsråd. Nödvendig kontakt med desse institusjonane vil jordskifteretten ta seg av.

Etter avtale skal varsel til framtidige möter sendast til Nils L. Skjong og Arne H. Skjong. Desse vil varsle dei andre partane i saka om tid og stad for mötet.

Varselfristen skal vere minst 5 dagar.

Kostnadene.

Kostnadene ved dette møtet er :

Kaspar Eikrem	for 1 dag	kr. 125,00		
	Skyss	" 68,00	=	kr. 193,00

Olav Hove	for 1 dag	kr. 125,00		
	Skyss	" 6,00	=	" 131,00

For utlegg til porto og kartkopiar	.....	" 56,00		
------------------------------------	-------	---------	--	--

Sum kr. 380,00

Kostnadene vil bli dekt av oppretta konto i Borgund Sparebank. Endeleg deling av kostnadene vil bli gjort når saka er slutt.

Partane vil få tilsendt utskrift av rettsboka for neste møtet.

Saka dermed utsett.

Skjong den 20. mai 1977.

Thor Aurdal (s).

Olav Hove (s).

Kaspar Eikrem (s).

.....

År 1977 den 15. september vart jordskifterett atter sett på kommunehuset, Valderøy i Giske.

Rettsformann : Jordsk.dommar Thor Aurdal.

Jordskiftemenn : 1. Olav Hove, Eidsnes.

2. Kaspar Eikrem, Mauseidvåg.

Sak nr. 1/1977 - som gjeld grensegangssak og jordskifte i Skjonghamna under gnr.186, Skjong. Utsett frå 20/5- d.å.



Desse partar var tilstades :

Harald Hole, Harald A. Skjong, Harald L. Skjong, Nils A. J. Skjong, Karl N. Skjong, Raval Skjong, Ole Johan Grebstad, Knut P. Skjong, Arne H. Skjong, Nils Honningsvåg, Nils L. Skjong, Bjarne Skjong.

Desse har fått varsel men møter ikkje :

Sander Lillevold, Jon J. Skjong og Knut J. Skjong.

Palmar Skjong og Oddvar Skjong er fråverande på fiske og har ikkje fått varsel om møtet.

Eit utanrettsleg møte av orienterende art er halde med partane den 5.ds. på same stad. Utan dei som no er tilstades møtte då Jon J. og Knut J. Skjong. Tid og stad for møtet i dag vart gjort kjend på møtet den 5.ds.

Det vart lagt fram :

14. Kart med utarbeidd forslag til delingsplan i naustarealet.
15. Skriv frå jordskiftekontoret til Statens Hamnevesen, Ålesund, dat. 7/5-77.
16. Gjenpart av skriv frå Statens Havnevesen v/overing. Bj. Borhaug dat. 12/9-77, til Kystdirektoratet, Havneavdelingen.

Det framlagde kart med utarbeidd forslag til delingsplan vart vist og gjennomgått på møtet den 5.ds. med dei partane som då var tilstades. Det var då høve til å kome med merknader og eventuelle endringsforslag før rettsmøtet vart halde.

Dei endringane som dette førte med seg, etter forslag frå partane, er nå innarbeidde i det endelege planutkastet.

Samtlege partar har fått tilsendt utskrift av forhandlingane under 1. møtet den 20/5-d.å. , der jordskifteretten også har gitt uttrykk for sitt syn på eigedomstilhöva innan naustområdet på Skjong.

Det er her uttala at dei gamle nausttuftene er eigdomsgrunn for dei einskilde bruk, medan eit område mellom nausta saman med tilkomstvegar og tilflott ligg på felles grunn.

Det er dette prinsipp som er lagt til grunn ved det nå utarbeidde delingsforslag.

På forespørsel har ingen av dei interesserte partar sagt seg usamde i dette.

Som referert i møtet den 20/5-d.å. hadde Giske kommune søkt om oreigningsløyve for den delen av naustarealet som ligg sør for moloen. Slikt løyve var også gitt av Kommunal- og Arbeidsdepartementet ved skriv av 25/11-1976. Etter at kommunen vart kjend med dei uklære eigartilhöva i området, er søknaden om oreigning trekt attende når det gjeld dette arealet.

Eit fleirtal av grunneigarane har ved skriv til Giske formannskap dat. 8/6-77, sagt seg villige til å stille arealet til disposisjon for kommunen på visse vilkår, mellom anna at kommunen gir tilsagn om at eit tilsvarande strandareal innanfor hamneområdet vert overlata til nausteigarane så snart kommunen får hand om dette.

Gjenpart av formannskapet sitt svarskriv er referert i møtet den 5. ds. Vedtaket går ut på at kommunen bør fråfalle krav om oreigning av det omtalte arealet vest for moloen då eigartilhöva her er uklære. Vedtaket må forståast slik at formannskapet på det nåverande steg ikkje kan ta standpunkt til det foreslåtte makeskifte. I alle fall ikkje før det er klårlagt kven som er, eller i framtida vil verte eigarar av naustarealet.

Det prinsipp som er fylgd ved utarbeiding av delingsplanen for naustarealet er slik :

Kvart av dei 8 hovedbruk har fått tildelt omlag like store areal til eigedom. Desse areala er anten utlagt samla kring bruket si gamle storbåtnausttomt, eller det er utlagt ei smånausttomt i tillegg. Det er berre dei gamle hovedbruka bnr.3 og 6 som har fått sitt i eitt stykke. Arealet vest for moloen er utlagt til dei tre bruka som før hadde naust her.

Dei einskilte bruk sine tomter er gruppert slik, i samsvar med bruka sine heimelsdokument eller etter avtale med partane :

Bnr. 1. Storbåtnausttomta vest for moloen er utlagd til bnr.10. Bnr.1 skal ha smånausttomta der det alt er oppført naust. I samsvar med skylddelingsforretning av 2/9-1901 har eigaren av bnr.1 rett til å bruke stöa i storbåtnausttomta på visse vilkår.

Bnr. 2 og bnr. 21. Desse bruka er utlagt den gamle storbåt-nausttomt vest for moloen, og dessutan ei

småbåtnausttomt i hamna. Dei ønskjer ikkje nærare deling.

Bnr.3 og bnr.79 er i fellesskap utlagt bruket si gamle storbåtnausttomt. Dei ønskjer ikkje nærare deling.

Bnr. 4 er utlagt si gamle storbåtnausttomt og i tillegg ei smånausttomt. Dette gjeld tomta der Ravald Skjong sitt naust står.

Bnr. 5 Storbåtnausttomta skal delast mellom bnr.5 og bnr.28. Etter skylddelingsforretninga skal bnr.28 ha ei gjennomsnittleg breidde av 6,6 m. Bnr.5 skal ha resten som blir 5,0 m. Bnr.32 skal ha smånausttomta.

Bnr.6 og 27. Desse bruka er utlagt den gamle storbåtnausttomta. Ho skal delast i to like partar etter lutdraging eller avtale.

Bnr.7 og 8. Bnr.7 skal ha den gamle storbåtnausttomta. Bnr.8 skal ha smånausttomta.

Bnr.9 og 29. Bruka er i fellesskap utlagt den gamle storbåtnausttomta vest for moloen. Dei ønskjer ikkje nærare deling av denne. Bruket sin part i smånaustarealet er likvidert ved den framanfor nemnde overlapping ved frådelinga av nausttomta til bnr.11 - Ole Johan Grebstad. Dette er alle partar same om.

Langs söraustre grense for naustarealet er utlagt veg i 5 m breidde til felles bruk. Aust og sør for smånausttomtene er utlagt eit felles areal til parkering- og trafikkareal. Likeeins er utteken ein 3 m brei veg eller korridor frå trafikkarealet nedetter fjöra mellom bnr.28 sitt stykke og smånausttomta til bnr.4. Dette er tenkt som atkomst til området ned for nausta eller også som plass for opptrekk av mindre båtar. Grensene for storbåtnausttomtane er trekt heilt opp til avdragslina. Den uttekne felles veg på 5 m vil såleis vere ein bruksrett over desse stykka. Dette er gjort fordi det ved den utarbeidde reguleringsplan er planlagt ei gate langs övre eller austre side av avdraget. Når denne gata blir ein realitet,

vil truleg behovet for fellesvegen falle bort, og nauststykkane kan då regulerast inntil grensa for den nye gata.

For å få plass til det nødvendige antal smånausttomter med forsvarleg breidde, er nå den sørlegaste tomta lagt i ein avstand frå senterlina av moloen på 17-18 m. Etter det framlagde hamnekartet er det visstnok forutsett av Statens Hamnevesen har disposisjonsrett inntil 22 m frå molo senter. Hamnevesenets samtykke er difor nødvendig for å gjennomføre den planlagte arrondering av smånausttomtene. For saka vert endeleg slutta må slikt samtykke ligge føre.

Partane har gjennomgått planen på kartet utan at vesentlege innvendingar har kome fram. Dei meiner at øvre grense for smånausttomtene bør gå 3 m opp for eksisterande naust. Eit fleirtal meiner dessutan at det ikkje bør trekkast opp noko eigedomsgrense for nauststykkane ute i fjøregrunnen då det her fell tørt på fjøre sjø eit godt stykke utanfor bnr.4 si sjøbod. Dei meiner at kvart bruk bør få disponere sjøgrunnen så langt ut som Hamnevesenet til ei kvar tid vil tillate, ut frå ålmenne omsyn.

Jordskifteretten har full forståing for dette syn og vil seinare finne ei formulering som høver.

Det er halde loddtrekning om kva bruk som skal ha dei 3 disponible smånausttomtene. Resultatet vart slik :

Den nordre tomta som grenser til bnr.1 tilfall bnr.2.

Den midtre tomta tilfall bnr.32.

Den söre tomta tilfall bnr.8.

Jordskifteretten har deretter gjort slik samrøystes

V e d t a k .

Den skifteplanen som no er vist på kartet og gjennomgått med partane vert stadfesta som skifteplan for naustarealet til bruka under Skjong, gnr.186 i Giske.

Vedtaket er gjort under føresetnad av at Statens Hamnevesen ikkje har noko merknader til plasseringa av smånausttomtene.

Det er foreslått å velje ei nemnd på 3 medlemar som skal ta seg av felles interesser for grunneigarane innan naustarealet.

Desse er foreslått : Bjarne Skjong, Knut P. Skjong  
og Nils L. Skjong.

Nærare reglar for nemndas virkeområde bør utformast seinare.

Saka vert dermed å utsette til grensemerkinga er utført.

Kostnadene.

Kostnadene med dette mötet er :

Kaspar Eikrem	for 1 dag og skyss	kr. 193,00
Olav Hove	" 1 " " " "	" 133,00
Porto og kartkopier	.....	" 44,00

Sum kr. 370,00

Kostnadene ved dette og forrige mötet vart dekt av midler frå oppretta konto i Borgund Sparebank.

Saka dermed utsett.

Valderøy den 15. september 1977.

Thor Aurdal (s).

Kaspar Eikrem (s).

Olav Hove (s).

.....

År 1977 den 24. oktober vart jordskifterett atter sett på kommunehuset, Valderøy.

Rettsformann : Jordsk.dommar Thor Aurdal.

Jordskiftemenn : 1. Olav Hove, Eidsnes.

2. Kaspar Eikrem, Mauseidvåg.

Begge har tidlegare gjort teneste i saka.

Protokollförar : Jordsk.tekn. Reidar Aasen.

Sak nr. 1/1977 - utsett frå 15/9 - d.å.

Desse partar mötte :

Oddvar Skjong, Jon J. Skjong, Knut J. Skjong, Bjarne Skjong,  
Egil Honningsvåg, Palmar Skjong, Nils A.J. Skjong, Harald Høle,  
Ravald Skjong, Ole Johan Grebstad, Haldor Skjong, Nils L.

Skjong, Arne H. Skjong, Knut P. Skjong, Harald A. Skjong.

Varsel til møtet er gitt ved personleg brev til alle interesserte.

Sidan siste møtet er grensemerking utført i samsvar med den vedtatte delingsplan. Nödvendige oppmålingsarbeider er utført.

Naustarealet kan praktisk delast i 3 område.

1. Lengst nord ligg dei gamle storbåtnausttomtene. Desse går mot aust til avdragslina langs övre kant av felles veg. Mot sør dels til felles trafikkareal og dels til den utlagde felles 3 m breide atkomstveg til fjöreområdet. På nordsida av dette området ligg nausttomta til bnr.11 som ikkje rekk heilt opp i avdraget.
2. Smånausttomtene. Desse går mot nord til den felles 3 m atkomstveg til fjöra. Mot aust til trafikkarealet etter ei avmerka line 3 m opp for eksisterande naust, og mot sør til almenningen.
3. Sør for moloen ligg 3 eldre storbåtnausttomter. Desse grenser mot aust og sør til den gamle avdragslina og mot nord til almenningen eller fellesarealet.

#### Yttergrensa.

Nordgrensa for naustområdet er ein del omregulert på grunn av at bnr.11 si nausttomt delvis no ligg sør for den tidlegare grensa.

Grensa går over kors i grunnfast stein i fjöra (merke nr.1) med retning aust-söraust 20,40 m til kors i stein ned for markakanten og 15,55 m til vinkelsteinar (merke nr.2). Her gjer grensa rett vinkel mot sør-sörvest og går 5,00 m til vinkelmerkestein, her bryt grensa atter mot aust-söraust og går 14,60 m til jarnbolt (merke nr.3) i austre vegkant. Herfrå går yttergrensa med retning sør-sörvest 73,75 m til jarnbolt i vegkryss (nr.4), böyer her svakt mot vest og går 80,35 m til nedslått jarnrör i sörauthjørnet (merke nr.5). Her bryt grensa mot vest og går 15,10 m til jarnrör (6) og 10,55 m til kors i stor stein i fjöra (7) og i same retning utetter sjöen.

For kvar nausttomt er det nedsett grensemerke i övre eller austre ende. I kvar grenseline er det nedsett minst 2 grensemerke. Dette er enten nedslåtte jarnröyr eller kors i fjell eller store jordfaste steinar. Breiddemåla på kvar tomt er oppgitt i austre ende. Det er dessutan utstokke ei måleline ned for naustrekka, frå polygonpkt. V 123 i söre kant av molovegen til merke nr.1 i nordre yttergrense. Breiddemålet på kvar tomt er også oppgitt i denne målelina.

Likeeins er utstokke ei måleline over tomtene sør for moloen frå polygonpkt. V 123 til merke nr.6 i söre yttergrense. Også her er tomtebreidda oppgitt etter denne lina.

För grenseskildringa av dei ymse tomtestykka skal det opplysast at fellestomta til bnr.6 og 27 er delt i to like partar. Det er avgjort ved loddtrekning på mötet kven som skal ha nordre eller söre halvdel.

Vidare har eigarane av bnr.2 og 21 opplyst at bnr.2 skal ha smånausttomta og bnr.21 storbåt-nausttomta sør for moloen. Naustet som i dag står på storbåt-nausttomta skal vere eit personleg sameige mellom dei to eigarane.

Kor langt utetter sjögrunnen tomtene skal strekke seg vil verte handsama under eit serskilt avsnitt.

Skildringa av tomtestykka tar til frå nordre ende og går fortlöpande sörover.

Gnr. 186, bnr. 11 - eigar Ole Johan Grebstad -

Tomtestykket har ei breidde på 5,00 m både i övre ende og i målelina i fjöra. Nordre grense er skildra under yttergrensa. Söre grense går frå vinkelmerkestein med retning vest-nordvest 16,50 m til kors i jordfast stein ved markakanten og i same retning utetter fjöra.

Gnr. 186, bnr.3 og 79 - eigarar Jon J. Skjong og Knut J. Skjong.

Tomta grensar mot nord dels til bnr.37 med 14,60 m og vidare til nausttomta til bnr.11. Tomta er 16,30 m brei i austre ende. I nordaustre hjørnet er jarnbolt, i söraustre nedslått jarnröyr. Langs målelina i fjöra er tomta 16,25 m. Söre grensa går frå jarnröyr i avdraget med retning vest-

nordvest først 24,30 m til jarnröyr, så 17,50 m til kors i stein i vören og med same retning utetter fjöregrunnen.

Gnr. 186, bnr. 6 - eigar Palmar Skjong -

Tomta er 5,90 m brei i austre ende. Langs målelina i fjöra er breidda 7,65 m.

I avdraget i söraustre hjørnet er slått kors i stor stein. Söre grense går herfrå med retning vest-nordvest først 30,90 m til kors i stein i rota av vör, vidare 35,55 m til kors i grunnfast stein i fjöra, og med same retning utetter fjöregrunnen.

Gnr. 186, bnr. 27 - eigar Knut P. Skjong -

Tomta er 5,90 m brei i austre ende. Langs målelina i fjöra er breidda 7,65 m.

I avdraget i söraustre hjørnet er nedslått jarnröyr. Söre grense går herfrå med retning nord-nordvest først 25,15 m til jarnröyr og 19,70 m til kors på austre kant av stor stein i fjöra. Vidare med same retning utetter fjöregrunnen.

Så lenge den gamle vören ikkje vert fjerna, kan han nyttast i fellesskap av eigarane av bnr.6 og 27.

Gnr. 186, bnr. 7 - eigar Nils A.J. Skjong -

Tomta er 9,15 m brei i austre ende. Langs målelina i fjöra er breidda 11,00 m.

I avdraget i söraustre hjørnet er nedslått jarnröyr. Söre grense går herfrå med retning vest-nordvest først 23,20 m til jarnröyr, så 35,65 m til kors i stor stein i fjöra og med same retning utetter fjöregrunnen.

Gnr. 186, bnr. 4 - eigar Bjarne Skjong -

Tomta er 9,15 m brei i austre ende. Langs målelina i fjöra er breidda 11,00 m.

I avdraget i söraustre hjørnet er nedslått jarnröyr. Söre grense går herfrå med retning vest-nordvest først 29,30 m til kors i stein, vidare 14,65 m til kors i stein i vören og i same retning utetter fjöregrunnen.



Gnr. 186, bnr. 5 - Eigar Egil Honningsvåg -

Tomta er 5,05 m brei i austre ende og det same langs målelina i fjöra.

I avdraget i söraustre hjørnet er nedslått jarnröyr. Söre grense går herfrå med retning vest-nordvest först 22,05 m til jarnröyr, vidare 18,85 m til kors i stein i vören og med same retning utetter fjöregrunnen.

Gnr. 186, bnr. 28 - eigar Arne H. Skjong -

Tomta er 6,60 m brei i austre ende og det same langs målelina i fjöra. Stykket grensar på söre side til det felles trafikkareal og til den utlagde fellesveg nedetter fjöra. I avdraget i söraustre hjørnet er nedslått jarnröyr. Söre grense går herfrå med retning vest-nordvest först 19,40 m til nedslått jarnröyr, vidare 23,80 m til kors i stor stein, 41,40 m til kors i stor stein lenger ute og i same rethning utetter fjöregrunnen.

Smånausttomtene.

Det er utlagt i alt 5 smånausttomter. Samtlege tomter har ei breidde på 6,00 m og er jamnbreie övre og nedre og såleis parallelle.

Mellom den sist beskrevne tomt til bnr.28 og smånausttomtene går den 3,0 m breie atkomstveg nedetter fjöra.

Rekna frå nord er tomtene utlagde i denne rekkefylgje :

Gnr. 186, bnr. 4 - eigar Bjarne Skjong, brukar Ravalld Skjong.

I nordausthjørnet er jarnbolt i nedgravd stein i vestre vegkant. Herfrå går grensa mot fellesvegen med retning vest-nordvest 27,45 m til kors i stein og vidare utetter fjöregrunnen.

Söre grense går frå jarnröyr i sörausthjørnet 18,15 m til kors i jordfast stein og vidare utetter fjöregrunnen.

Gnr. 186, bnr. 1 - eigar Harald L. Skjong -

Söre grense går frå nedslått jarnröyr i sörausthjørnet 17,80 m til kors i jordfast stein og vidare utetter fjöregrunnen.

Gnr. 186, bnr. 2 - eigar Oddvar Skjong -

Söre grense går frå nedslått jarnröyr i sörausthjørnet 23,90 m over kors i stor stein og vidare utetter fjöregrunnen.

Gnr. 186, bnr. 32 - eigar Nils L. Skjong -

Söre grense går frå nedslått jarnröyr i sörausthjørnet 11,95 m over kors i stor stein og vidare utetter fjöregrunnen.

Gnr. 186, bnr. 8 - eigar Emma Holebakk -

har den sørlegaste og siste av smånausttomtene. Söre grense går frå nedslått jarnröyr i sörausthjørnet 17,75 m til kors i stor stein i fjöra og vidare utetter fjöregrunnen med retning på kors slått i austre kant av betongkai.

Nauststykkja sør for moloen.

Breiddemåla på kvart stykke er oppgitt både i övre avdrag og etter ei måleline i fjöra som har retning frå polygonpunkt V 123 i söre molokant til merke nr.6 i söre yttergrense.

Gnr. 186, bnr. 9 og 29 - eigarar Karl N. Skjong og Sevrin N. Skjong.

har stykket lengst mot nörd.

Breidda i övre avdrag er 15,30 m og langs målelina i fjöra 13,00 m. Nordre grense går frå nedslått jarnröyr i avdraget - 34,75 m frå merke nr.4 - med retning vest litt nörd 27,85 m til kors i stor stein i molofoten og 21,65 m til kors i stor stein i fjöra, og vidare utetter fjöregrunnen så langt ut som privatretten rekk. Grensa går 1,08 m sør for polygonpkt. V 123. Söre grense går frå nedslått jarnröyr i avdraget med retning vest litt nörd 22,55 m til kors i stor stein ved flomålet og i same retning utetter fjöregrunnen.

Gnr. 186, bnr. 21 - eigar Harald A. Skjong -

Breidda i övre avdrag er 15,30 m og i målelina i fjöra 13,00 m. Söre grense går frå borhol i berg i avdraget med retning vest litt nörd först 27,80 m til kors i stor stein omlag ved flomålet. Vidare 14,55 m til kors i stor stein ned for flomålet, og i same retning utetter fjöregrunnen.

Som før nemnd er naustet som i dag står på tomta eit personleg sameige mellom nåverande eigarar av bnr.2 og 21.

Gnr. 186, bnr. 10 + eigar Sander Lillevold.

Breidda i övre avdrag er 15,00 m og i målelina i fjöra 13,50 m. Mot sør grensar stykket til bnr.1 etter den gamle avdragsline for nauststykket og som er skildra framanfor.

Frå jarnröyr i söraustre hjörnet (merke nr.5) går lina 15,10 m til nytt jarnröyr (merke nr.6) og 10,65 m til kors i stor stein (merke nr.7) omlag ved flomålet og vidare herfrå utetter fjöregrunnen.

I samsvar med skylddelingsforretning av 2/12-1901 har eigaren av bnr.1 adgang og bruksrett til stöa mot gjensidig vedlikehaldsplikt.

Grensene utetter sjögrunnen.

Strandarealet sør for moloen er ikkje omfatta av grunneigarerklæringane frå 1890 og 1934. Grenselinene går her, i samsvar med vanlege reglar for grenser i saltvatn, utetter sjögrunnen så langt ut som privatretten rekk.

Innanfor hamneområdet nord for moloen gjeld i prinsippet dei same reglane, men her er grunneigarane sin disposisjonsrett over fjöreområdet avgrensa i samsvar med ovannemnde grunneigarerklæringar til Statens Hamnevesen.

Ved oppføring av bygningar eller andre faste innretningar ut mot sjölve hamneområdet, er det nödvendig med löyve frå Statens Hamnevesen.

Den einskilde tomteeigar har såleis rådevelde over sitt areal så langt ut som hamnevesenet til ei kvar tid bestemmer.

Felles trafikkareal.

Aust for moloen og langs övre side av dei utlagde smånausttomter ligg eit felles trafikkareal. Stykket er vist på kartet.

I grunneigarerklæringa frå 1890 er dette arealet nemnd som almenning. Vegen til moloen går over stykket og Hamnevesenet sine rettar over og på stykket er som før.

Grunneigarar er dei 8 hovedbruka på Skjong og dei

parsellane som er utskilde frå desse og som har fått rettar i naustområdet.

Utrekna på grunnlag av den gamle matrikkelskylda er forholdet mellom bruka slik :

Bnr. 1	-	6,25 %	Bnr. 28	-	4,20 %
" 10	-	6,25 %	" 32	-	4,15 %
" 2	-	6,25 %	" 6	-	6,25 %
" 21	-	6,25 %	" 27	-	6,25 %
" 3	-	6,25 %	" 7	-	6,25 %
" 79	-	6,25 %	" 8	-	6,25 %
" 4	-	12,50 %	" 9	-	6,25 %
" 5	-	4,15 %	" 29	-	6,25 %

---

100 %

Felles vegar.

1. Langs austre avdragsline opp for stornausttomtene er utlagt ein felles veg. Ein arm i 5 m breidde går nordover frå fellesarealet over tomtene til bnr. 28, 5, 4, 7, 6, 27, 3 og 79. Veggen er ein bruksrett og kan nyttast av samtlege interesserte, også av eigaren av bnr.11.

Ei arm av vegen med 4 m breidde går sørover frå fellesarealet over tomtene til bnr.9, 29, 21 og 10. Veggen er ein bruksrett og kan nyttast av samtlege interesserte, også av eigaren av bnr.1.

2. Frå nordvestre hjørne av det felles trafikkareal, mellom tomtestykket til bnr.28 og smånausttomta til bnr.4, er utteken ein felles veg med breidde 3,0 m. Veggen er tenkt som atkomst til fjøreområdet ned for naustrekka.

Dersom eit fleirtal av grunneigarane ynskjer det, skal den delen av vegarealet som vert liggande ned for naustrekka kunne opparbeidast og nyttast av dei interesserte grunneigarane.

Opparbeidinga og bruken av arealet må ikkje skje på ein slik måte at det medfører ulempe for tilgrensande tomteeigarar.

Det styret som er oppnemnd av grunneigarane skal stå for planlegginga og kontrollen av slike tiltak.

Ved avstemming i fleirtalsvedtak har kvar grunneigar stemmerett i samsvar med det prosentvise høvestalet som er oppsett framanfor.

### Trafikk i fjøreområdet.

Langs fjöra ned for haustrekka er all gangtrafikk fri for samtlege tomteeigarar.

Trafikk over annan manns grunn med maskiner og tyngre reidskap skal vere tillatt i den utstrekning det er nødvendig for opparbeiding og vedlikehald av vörer eller faste innretninger for opptrekk av båtar.

Trafikken må foregå på ein slik måte at minst muleg skade skjer. Den som forårsaker skade plikter å utbetre denne. I tvistespørsmål vert vederlag for skade å fastsette ved skjønn etter § 59 i bygningslova. Ved ferdsle der det kan reknast med at skade vil bli påført, skal naboen varslast på førehand.

Jordskifteretten ser det slik, at den framtidige utbygginga av naustarealet må skje etter ein utarbeidd og godkjent plan, og at det ved denne planen må takast nødvendig omsyn til atkomster og trafikk ned for den framtidige naustrekka.

### Styre for naustområdet.

Etter samråd med dei interesserte partar er det oppnemnd eit styre på 3 medlemar som skal ta seg av felles tiltak innan naustområdet.

Styret skal ha til oppgave :

1. Å fungere som kontaktledd mellom grunneigarane på den eine sida og Statens Hamnevesen og/eller Giske kommune på den andre, i saker som gjeld felles interesser for grunneigarane.
2. Å forhandle med Giske kommune om opparbeiding, eventuelt overdraging av det felles trafikkarealet til kommunen, kfr. skriv frå Statens Hamnevesen dat. 12/9-1977.

Styret skal ha ei funksjonstid på 3 år. Styret skal samankalle grunneigarane til møte når det skal treffast vedtak, som etter styret sitt syn er av vesentleg interesse for fellesskapet. På grunneigarmötet vert avgjerdene tekne med vanleg stemmefleirtal. Mötet er vedtaksför når minst ein halvpart av grunneigarane er tilstades.

Til å fungere som styre dei første 3 åra, fram til 1. januar 1981 er oppnemnd :

1. Bjarne Skjong, formann.
2. Knut P. Skjong.
3. Nils L. Skjong.

Med varamann : Knut J. Skjong.

I god tid før funksjonstida er ute kallar formannen saman til val av nytt styre.

Tilhøva til Statens Hamnevesen.

Skriv dat. 18.10.1977 frå Statens Hamnevesen er referert på møtet. Bortsett frå den mindre reguleringa som er gjort vedr. småausttomtene, er det jordskifteretten sin foresetnad at ingen endringar er gjort i tilhøvet til Statens Hamnevesen. Grunneigarerklæringane frå 1890 og 1934 står såleis ved lag til eventuelle nye avtaler er inngått.

Kostnadene.

Med saka fylgjer desse kostnadene :

Tidlegare møter i saka ..... kr. 750,-

Mötet i dag :

Kaspar Eikrem .....	för 1 dag og skyss	kr.205,-
Olav Hove .....	" 1 " " "	" 145,-
Gebyr for tingl. 17 bnr. a'	kr. 30,-	" 510,-
Merkeutstyr .....		" 40,-
Porto og kart .....		" 150,-

Kr.1050,-

Sum kr. 1800,-

Etter rettens skjön er kostnadene delt slik :

Bnr. 1 - Harald L. Skjong	kr. 100,-
" 2 - Oddvar Skjong	" 100,-
" 3 - Jon J. Skjong	" 100,-
" 4 - Bjarne Skjong og Ravald Skjong	" 200,-

Overf: kr. 500,-

Overf :	.....	kr. 500,-
Bnr. 5	- Egil Honningsvåg	" 100,-
" 6	- Palmar Skjong	" 100,-
" 7	- Nils A.J. Skjong	" 100,-
" 8	- Harald Hole	" 100,-
" 9	- Karl N. Skjong	" 100,-
" 10	- Sander Lillevold	" 100,-
" 11	- Ole Johan Grebstad	" 100,-
" 21	- Harald A. Skjong	" 100,-
" 27	- Knut P. Skjong	" 100,-
" 28	- Arne H. Skjong	" 100,-
" 29	- Sevrin N. Skjong	" 100,-
" 32	- Nils L. Skjong	" 100,-
" 79	- Knut J. Skjong	" 100,-

-----  
Sum kr. 1800,-  
-----

Kostnadene betalt som fordelt.

Kunngjering.

Saka vart kunngjort ved opplesing av rettsboka.  
Formannen refererte reglane for anke. Jordsk.lovens §§ 59,  
61 og 62.

Ikrafttreding.

Den her beskrivne jordskifte- og grensegangssak vedk.  
naustområdet under garden Skjong, gnr.186 i Giske trer i kraft  
den 1. januar 1978.

Saka dermed slutt og retten heva.

Valderøy den 24. oktober 1977.

Thor Aurdal (s).

Kaspar Eikrem (s).

Olav Hove (s).



Rett utskrift :

*Ragnar Jansen*

